

Emnerapport (våren 2014)

Emnekode og namn: NORMAU650, kull 2011

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Dette studentkullet som er i det andre av i alt fire semester på masteroppgåva, har hatt ei obligatorisk samling ved UiB 27. og 28. mars. Elles i semesteret har dei jobba individuelt og hatt individuell kontakt med rettleiarane sine.

Studieinformasjon: Kontakten med heile kullet har, utanom samlinga, føregått på Mi Side.

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Samlinga vart lagd til Jus II i Jekteviksbakken 3. Det er problematisk at dette er eit undervisningslokale som det er vanskeleg å koma inn i for studentar som ikkje har tilgang.

Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Metode – gjennomføring: På førehand hadde studentane fått i oppgåve å levera eit tekstutkast på Mi Side. Den første samlingsdagen var sett saman av erfaringsutveksling, forelesing om å skriva masteroppgåve frå gjesteforelesar og prosjektutveksling i grupper. Den andre samlingsdagen var sett av til plenumsframlegg der rettleiarar og studentar saman kom med respons til kvart enkelt prosjekt. Det er berre fire av ni studentar som har svara på den elektroniske emneevalueringa.

Oppsummering av innspel: Tre studentar svara at dei var nøgde med samlinga, og ein at han/ho var verken nøgde eller misnøgde. Studentane var mest nøgde med dei individuelle tilbakemeldingane dei hadde fått på torsdagen. Dei sette også pris på gjesteforelesinga. I staden for fellespresentasjonar den andre dagen, var tre stk. inne på at dei kunne ha ønskt meir tid til individuell rettleiing med rettleiaren sin. Det vart også etterlyst ei undervisningsøkt som kunne gå på det reint oppgåvetekniske og gjerne nokre modelltekstar.

Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

På den neste samlinga, som er den nest siste før levering for dette kullet, vil den første dagen verta avsett til forelesingar som av allmenn interesse, medan den andre dagen vil verta avsett til prosjektverkstad og individuell rettleiing. Det er ynskjeleg med eit undervisningslokale som det er forholdsvis enkelt å koma seg inn og ut av også for eksterne studentar.